



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/2301 - 17/20421

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dato:  
16.10.2017

## Til uttale - Riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad - gbnr 27/39 - Moldekleiv - Meland kommune

Tiltak: Riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 27/39  
Tiltakshavar: Sigbjørn Sande  
Ansvarleg søker:

### Saka gjeld:

Ingeniør Aarland AS har på vegne av tiltakshavar søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen og byggjeforbodet i strandsona for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad på gbnr. 27/39.

Tiltaket er skildra i teknigar og på situasjonskart vedlagt søkeren.

### Planstatus:

Eigedomen er satt av til landbruk, natur- og friluftsformål (LNF) i arealdelen til kommuneplanen (KPA). Ettersom den er bebygd med ein fritidsbustad har den status som LNF spreidd, jf. tabell 9.2 i føresign 3.2.3 til KPA.

Vidare har ein i KPA lagt inn ei byggjegrense på om lag 70 meter i området.

### Dispensasjonssøknad:

Riving og oppføring av ny fritidsbustad er ikkje eit tiltak som kan tillatast i samsvar med eksisterande bruk. Det er derfor søkt om dispensasjon frå arealformålet LNF.

Eksisterande fritidsbustad er plassert om lag 26 meter frå sjøen, og den nye fritidsbustaden skal plasserast på same stad. Ettersom plasseringa er i strid med fastsett byggjegrense på om lag 70 meter er det søkt om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona.

For grunngjeving av søkeren vert det vist til denne i sin heilheit.

**Nabovarsling:**

Tiltaket er nabovarsla. Kommunen har ikkje motteke merknadar frå naboane.

**Dispensasjon:**

Søknaden skal vurderast opp mot opmsynet bak reglane det vert søkt om dispensasjon frå og frå plan- og bygningslova (tbl) § 1-1.

Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak reglane det vert dispenses frå, eller omsyna til lova sine formål, blir vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon skal det leggjast vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gi løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

**Førerels vurdering:**

Ettersom oppføring av ny fritidsbustad skal plasserast på same plass som eksisterande fritidsbustad ligg, kan Meland kommune ikkje sjå at formåla bak arealformålet LNF og byggjeforbodet i strandsona blir vesentleg sett til side. I tillegg ser vi klare fordelar for utnytting av eigedomen ved at tiltakshavar får ein hensiktsmessig fritidsbustad tilpassa tida og tilhøva.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. tbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om løyve til tiltak GBNR 27/35,39

Opplysninger om tiltakets ytre ramme

Nabovarsel

Situasjonskart

Teikningar innvndig

Teikningar utvendig

Gjennomføringsplan, ansvarsrett

**Kopi til:**

Ingeniør Aarland AS

Eidsvågbakken 1 5105

EIDSVÅG I ÅSANE

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

BERGEN

**Mottakarar:**

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN